


Å skrive gode vedtak

Nettmøte produksjonstilskot 7. november



Statsforvaltaren i Vestland



11.11.2024



Tema:

Avkortning etter § 12, korleis skrive gode vedtak

- Avkorting ved feil opplysningar og oversitting av frist
- Fokus på grunngjeving av vedtak
- Først litt generelt om grunngjeving
- Deretter eit praktiske døme knytt mot reglane



Kva må og bør ei god grunngjeving innehalde?

- Føremål: gjere det mogeleg for parten å forstå vedtaket
- Forvaltningslova § 25
 - Krav til innhaldet i grunngjevinga – minimum
 - Kjem tilbake til regelen i praktisk eksempel
- Avslag og til dømes avkorting krev meir utfyllande grunngjeving enn innvilging
- Statsforvaltaren i Vestland si hugseliste for grunngjeving
 - Grunngjeving som søker forstår, treng ikkje vere lang
 - Dette bør vere med i grunngjevinga i eit vedtak:
 - Vise til regelverket (t.d. grunnvilkår)
 - Oppsummering av fakta
 - Vurdering av fakta mot regelverk
 - Konklusjon
 - Bruk «Forhåndsvis vedtaksbrev» for å sjå korleis det ser ut for søker



Nærare om kva som skal vere med i grunngjevinga

Forsøk på ei praktisk tilnærming

- Kari Ås ENK har mellom anna søkt om tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar. I søknaden var det ført opp 15 slike kyr. Ved kontroll mot Kuregisteret viste det seg at berre 12 av kyrne var registrert der. Kari Ås hadde ikkje noko betre forklaring på feilen, enn at detasta med å rekke søknadsfristen. Ho hadde difor ikkje hatt tid til å kontrolltelje kyrne.
- Vi skal ta stilling til om det skal gjerast vedtak om avkorting i tilskotet.



Rettsreglar og problemstilling

- Forvaltningslova § 25 første ledd
«I begrunnelsen skal vises til de regler vedtaket bygger på, med mindre parten kjenner reglene. I den utstrekning det er nødvendig for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal begrunnelsen også gjengi innholdet av reglene eller den problemstillinga vedtaket bygger på

- Rettsleg grunnlag for vedtaket
 - Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12
 - Vilkår
 - «uaktsomt eller forsettlig gitt feil opplysninger»
 - som har eller ville gitt grunnlag for urettmessig tilskudd for seg selv eller andre»
- Problemstillinga vedtaket bygger på
 - Skal tilskotet avkortast og i tilfelle kor mykje?



Omsyn og retningsliner for bruk av skjønn

- Forvaltningslova § 25 tredje ledd

«De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes. Er det gitt retningslinjer for skjønnsutøvingen, vil i alminnelighet en henvisning til retningslinjene være tilstrekkelig.»

- Rundskriv 2024/29 Produksjonstilskudd og avløsertilskudd - kommentarer til regelverk
- Til dømes om «**Avkortningens størrelse**»
 - «Hovedregelen er at foretaket skal avkortes et beløp tilsvarende merutbetalingen. Saksbehandler må likevel alltid vurdere om det er rimelig og forholdsmessig å avkorte merutbetalingen i den enkelte sak, eller om avkortningsbeløpet bør settes høyere eller lavere. Eksempelvis bør avkortningsbeløpet settes høyere dersom foretaket har gitt feilopplysninger ved flere søknadsår. Dersom størrelsen på merutbetalingen blir uforholdsmessig høy i forhold til feilopplysningen som er gitt, kan dette tilsi at avkortingen bør settes lavere enn merutbetalingen. «



Fakta

- Forvaltningslova § 25 andre ledd
«I begrunnelsen skal dessuten nevnes de faktiske forhold som vedtaket bygger på. Er de faktiske forhold beskrevet av parten selv eller i et dokument som er gjort kjent for parten, er en henvisning til den tidligere framstilling tilstrekkelig. I tilfelle skal det i underretningen til parten vedlegges kopi av framstillingen.»

- Faktiske forhold vedtaket byggjer på
- Ikkje naudsynt å gjengi alt
 - Det som er relevant i høve vilkåra i lova.
- Sivilombodet:
 - Stor usemje mellom forvaltninga og parten krev grundigare utgreiing.
- «Kommunen legg til grunn at.../legg til grunn følgjande faktiske forhold...



Nærare om innhaldet i grunngjevinga (1)

- Kort om kva saka gjeld/problemstilling
 - I søknad om produksjons- og avløysartilskot er det ført opp fleire kyr enn det som er registrert i Kuregisteret. Vi har difor gjort vedtak om avkorting i tilskotet.
- Oppsummering av fakta
 - Vi legg til grunn følgjande faktiske forhold. Du har mellom anna søkt om tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar. I søknaden var det ført opp 15 slike kyr. Ved kontroll mot Kuregisteret viste det seg at berre 12 av kyrne var registrert der. Slik vi forstår deg var årsaka til feilen, at det hasta med å rekke søknadsfristen. Du hadde difor ikkje hatt tid til å telje kyrne.



Foto: Vidar Vassenden



Nærare om innhaldet i grunngjevinga (2)

- Om regelverket

- Skriv med eigne ord eller klipp og lim
 - Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12 seier at viss foretaket akløyst eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden og desse har eller ville gitt grunnlag for feil utbetaling av tilskot, kan heile eller deler av tilskotet avkortast.
 - Vilkåra for avkorting av tilskot står i Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12: (klipp og lim inn lovtekst)
- Rundskriv 2024/29 Produksjonstilskudd og avløsertilskudd gir retningslinjer for kor stor avkorting skal vere:
 - «Hovedregelen er at foretaket skal avkortes et beløp tilsvarende merutbetalingen. Saksbehandler må likevel alltid vurdere om det er rimelig og forholdsmessig å avkorte merutbetalingen i den enkelte sak, eller om avkortningsbeløpet bør settes høyere eller lavere. Eksempelvis bør avkortningsbeløpet settes høyere dersom foretaket har gitt feilopplysninger ved flere søknadsår. Dersom størrelsen på merutbetalingen blir uforholdsmessig høy i forhold til feilopplysningen som er gitt, kan dette tilsi at avkortingen bør settes lavere enn merutbetalingen.»




Foto: Vidar Vassenden



Nærmare om innhaldet i grunngjevinga (3)

- Vurdering av fakta mot regelverk
 - Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12 seier at viss foretaket akløyst eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden og desse har eller ville gitt grunnlag for feil utbetaling av tilskot, kan heile eller deler av tilskotet avkortast.
 - Tilskot kan avkortast viss det er gitt feil opplysningar i søknaden. Dessutan må feilenha eller kunne ha medført for høg utbetaling av tilskot. Her er det ført opp fleire kyr enn det som er registrert i Kuregisteret. Om ikkje feilen hadde blitt oppdaga og retta, ville du fått for mykje tilskot. Vilkåret er såleis oppfylt.
 - Det er og eit vilkår at du må ha gitt dei urette opplysningane akløyst eller forsettleg. Vi har ikkje grunn til å tru at du har ført opp for mange kyr forsettleg. I rundskrivet vi har vist til står det at sidan mottakar av tilskotet er sjølvsetndig næringsdrivande, blir det stilt strenge krav til at han er aktsam. Vidare er det sagt at det er forventa at søker har full kunnskap om foretaket sitt dyrehald på dagen teljinga skal skje. Du har vist til at du hadde det travelt og ikkje hadde tid til å telje kyrne. Vårt standpunkt er då, at feilen skyldast akløyse.
- Kor stor avkorting?
- Konklusjon – sjølve vedtaket
 - I medhald forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12 blir det gjort vedtak om avkorting i tilskot med kr. XXXX.
- Klage
 - Du kan klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket kom fram til deg. Klaga skal sendast til NN Det er statsforvaltaren som vil behandle klaga.



Døme på god grunngjeving

Tekst i parentes er min

(Kort om kva saka gjeld)

Vi viser til din søknad om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruksfor 2023.

Det er gjort ei avkorting grunna feilopplysningane for kode 720 (kyr av bevaringsverdig rase), kode 121 (ammekyr) og kode 802 (økologiske ammekyr). Fire kviger er tatt ut av kode 720, vidare er dei flytta frå kode 121 til kode 119 (øvrig storfe) og frå kode 802 til 803 (økologisk øvrig storfe). Sjå grunngjeving under «grunngjeving for avkorting»

(Oppsummering av fakta)

Det er ført opp at føretaket har 20 kyr av bevaringsverdig rase (kode 720) for del to av søknaden. Dette er mjølkekyr og ammekyr av bevaringsverdig storferase, som har kalva dei siste 18 månader. Sidet trønder- og nordlandsfe (STN), austlandsk rødkolle, dølafe, vestlandsk raudkolle, vestlandsk fjordfe og telemarkfe blir rekna som bevaringsverdige storferasar. Kyrne må vera minst 7/8 rasereine.

Føretaket vart trekt ut til dokumentkontroll for del to av søknaden mellom anna for kontroll av storfe av bevaringsverdig rase.

Dokumentkontrollen viser at 16 av kyrne oppfyller kriteria. Dei fire kyrne som ikkje oppfyller kriteriet er kviger som endå ikkje hadde kalva per 1.10.23, jf. Innsend dokumentasjon i samband med dokumentkontroll av 12.1.24. Desse fire kvigene skulle derfor ikkje vore oppførte under kyr av bevaringsverdig rase.

Vidare er dei same kvigene ført opp som ammekyr (kode 121) og økologiske ammekyr (kode 802), eit av kriteria for å kunna førast her er kalving i løpet av siste 15 månader (18 månader for kyr som er berettigde tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar). Kommunen har derfor flytta kvigene til øvrig storfe (kode 119) og økologisk øvrig storfe (kode 803).

(Regel)

I forskrifta § 12 står det: "Dersom føretaket aktlaust eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden som har eller ville danna grunnlag for ei urettmessig utbetaling av tilskotet for seg sjølv eller andre, kan heile eller deler av det samla tilskotet som fell til føretaket blir avkorta."

(Vurdering av fakta mot regelverk)

(Første vilkår – urettmessig utbetaling)

I dette tilfellet ville feilføringa utgjort kr 45 452 i meirutbetaling totalt for kode 720, 121 og 802.

Der forvaltninga oppdagar at eit føretak har gitt feilopplysningar i søknaden, skal saksbehandlar alltid vurdere avkorting etter § 12. Formålet med ei evt. avkorting er å sikra forsvarleg forvaltning av fellesskapet sine midlar, og risiko for avkorting skal skjerpa varsemda til søker ved utfylling og innlevering av søknaden. Kommunen er pliktig til å vurdere avkorting av tilskotet i alle slike saker der det er ført feil opplysningar i søknaden som kan gi urettmessig utbetaling. I dette tilfellet er det ført opp fire kviger under kyr av bevaringsverdig rase (kode 720), ammekyr (kode 121) og økologiske ammekyr (kode 802) utan at desse oppfyller kravet til kalving.

(Andre vilkår – aktløyse)

Det skal vidare gjerast ei vurdering av om føretaket har handla «aktlaust eller forsettleg». Utgangspunktet for denne vurderinga er at søkerar på PT-tilskot som sjølvstendig næringsdrivande er underlagt eit strengt varsemdskrav. Føretaket beskriv å ha gjort feil ved teljing av dyr pga. hastverk og hadde ikkje kontrofjøsje tala før desse vart ført i søknaden. Sjå innsend dokumentasjon. Føretaket blir vurdert å ha handla «simpelt aktlaust» i dette tilfellet.

Kommunen legg vidare vekt på at føretaket har ansvar for å setja seg inn i regelverket og vilkåra for dei ulike ordningane det blir søkt på. Samtidig blir det forventa at føretak kontaktar kommunen for rådføring ved innsending av søknaden dersom ein er usikker.

(Avkortinga)

Ifølgje Rundskriv 2023/30 er hovudregelen at føretaket skal avkortast eit beløp tilsvarende meirutbetalinga. Kommunen finn det urimeleg å trekka føretaket tilsvarende meirutbetalinga for å oppnå formålet med å skjerpa varsemda til søker ved utfylling av søknaden. Me har i dette tilfellet komme fram til ein avkorting på kr 3 000. Dersom det i kommande søknader blir registrerte feilopplysningar som kan gi meirutbetaling må føretaket rekna med ein større avkorting av tilskotet jf. forskrifter.



Moglege praktiske tips

- «Malbibliotek» for formuleringar som går igjen
 - Eller lagre nokre vedtak for seinare klipp og lim
 - Døme
 - Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12 seier at viss foretaket aktløyst eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden og desse har eller ville gitt grunnlag for feil utbetaling av tilskot, kan heile eller deler av tilskotet avkortast.
- Hald på struktur/disposisjon
 - Kort om kva saka gjeld
 - Oppsummering av fakta
 - Nok til at det blir samanheng i grunngjevinga
 - Om reglane
 - Nok til at det blir samanheng i grunngjevinga
 - Vis eventuelt til til dømes rundskriv
 - Eller klipp og lim
 - Vurdering av fakta mot regelverk
 - Relativt standardisert?
 - Vurdering av aktløyse
 - Konklusjon
 - Klagerett
 - (Strengt tatt ikkje del av grunngjevinga)



Nytt om landbruksregisteret

- Hobbyprodusentar skal ikkje registrerast i Lreg
- Honning-hobbyprodusentar må registrerast i Lreg
- Rapportar
 - RAPPORTER_DOEDSBO
 - RAPPORTER_LBREIENDOM
 - RAPPORTER_LBREIERE
- E-post til fmvllandbruk@statsforvalteren.no

Takk for oss!

- Nettmøte for nye sakshandsamarar 20. november
- Neste nettmøte PT 5. desember



Statsforvaltaren i Vestland

Facebook @SFVestland
Twitter @SFVestland
LinkedIn @SFVestland

Abonner på nyhende www.statsforvaltaren.no/vl

